kunngjort i pressa 31. august. Det var eit blad som lasta meg for, at eg dreiv med løynleg diplomati, sidan eg ikkje hadde kunngjort dette fyrr, men et er heilt klårt, at det som den britiske sendemannen hadde kome til meg med i trumål, det kunde ikkje eg gjera kjendt fyrr eg hadde fått hans løyve til det, og den meldinga som no gjekk til pressen 31. august var ord for ord dryft med den britiske sendemannen, so det gjev då fullt ut form for det som hadde gått for seg. Eg trur då, at det kanskje er det greiaste, at eg her beint fram las uppatt den pressemeldingi som den gongen vart sendt ut. Det står i den dette:

«Etter den kgl. res. frå 12. juli vart kunngjort den 20 august, har det norske utenriksdepartementet ikkje fått nokon note ifrå den britiske regjeringa om saka. Det som har hendt er at den britiske sendemannen i Oslo den 24. august gav att for utanriksministaren innhaldet i eit telegram han hadde ifrå sitt departement. I dette telegrammet sa den britiske regjeringa ifrå at ho heldt fast på 3-milsgrensa for sjøområdet og ikkje vilde godkjenna 4-milsgrensa likeso lite for fiskeområdet som for nøytralitetsområdet». Og her har eg då skote inn i pressemeldinga:

«Dette er gammalt britisk standpunkt; men resolusjonen frå 12. juli handlar ikkje om dette spørsmålet, fordi 4-milsgrensa er endå eldre norsk standpunkt».

Og so held pressemeldinga fram:

«I telegrammet tok dessutan den britiske regjeringa undanhald med umsyn til spørsmålet om dei grunnlinone som var fastsette. Men det har det norske utenriksdepartement endå ikkje høyrt noko meir um. Den britiske sendemannen sa at regjeringa hans i den nærmeste framtida vilde senda han instruks om å dryfta med den norske regjeringa framlegg um ein ålmen avtala um heile fiskebankespørsmålet i Nord-Norge, og han bad um at medan dette spørsmålet vart dryft, og serskilt med umsyn til at britiske trålarar alt var på veg til fiskebankane fyrr resolusjonen vart kunngjort, måtte resolusjonen fyrebils ikkje bli satt i verk. Den norske utanriksministeren svara at det var meiningsa på norsk side òg å ta opp forhandling um fisket ute på havbankene. Han kunde likevel ikkje for den skuld setja den kgl. resolusjonen ut or kraft. Men han lova gjerne at ein på norsk side vilde gå lempelag fram i overgangstida og ikkje i utrengsmål vekkja strid. Dertil gav han den faktiske opplysninga at fiskeuppsynet nordpå i år, likso vel som i dei fyrre år, ikkje vart sett i gang fyre omlag 1. oktober».

Der har De soleis hovudinnhaldet av det som gjekk for seg straks med det same resolusjonen vart kunngjord. Eg vil her leggja attåt at det telegrammet som den britiske sendemann las upp for meg, dessutan gav ord for at den

britiske regjeringa undra seg over den framgangsmåten som den norske regjeringa eller dei norske statsmaktene hadde nytt i denne saka, at dei ikkje hadde gjeve Storbritannia noko slag melding på fyrehand, ikkje forhandla med den britiske regjeringa um saka. Det er nok som har kome fram sidan òg gong på gong frå engelsk side, og eg har alltid svara, at den norske regjeringa etter alt det eg veit, har gått fram just på same måten som både den britiske regjeringa og alle andre regjeringar har gått fram i slike saker. Det er ei suverenitetsakt, når regjeringa kunngjer grensone for sitt lands sjøumråde, og når då regjeringa ikkje går utanfor det som er ålment godkjend millom folkeleg rett, so treng ikkje regjeringa forhandla med andre stater um det. Like eins når det frå britisk side gong etter gong har vore sagt at den britiske regjeringa ikkje vilde godkjenna dette, so har eg sagt at vi treng inga slag godkjenning, vi har ikkje bede nokon stat um godkjenning på denne kongelege norske resolusjonen.

Den britiske sendemann hadde meint å ha kunnskap um at regjeringa hans alt fyre denne norske resolusjonen hadde tenkt på å by Noreg forhandling um alle fisketilhøve på fiskebankane utanfor Nord-Norge, og han meinte at ein her skulde kome til å få framlegg frå ho straks i dei fyrste dagane etter at resolusjonen var kunngjord. Det kom likevel til å gå ein heil månad. Fyrst den 25. september var det at den britiske sendemannen kom til utanriksdepartementet med ei ny melding i saka, og eg vil serskilt nemna at det endå ikkje i den noten som han der las upp, fant nokon formell protest mot det norske vedtaket. Det var på nytt denne undringa over at vi hadde gått fram på den måten vi hadde gjort, men elles inneheldt noten eit framlegg til forhandling, og det framlegget til forhandling var forma soleis - det bør eg vel lesa heilt ordrett, soleis som me fekk det:

«Med tanke på å få i stand ein skipnad i fiskespursmålet utanfor den norske havstranda, vilde den kongelege britiske regjeringa vera glad for å høyra um den kongelege norske regjeringa vilde gå med på i prinsippet å tenkja på framlegg som vilde innehalda 4 hovudpunkt. For det fyrste: skipnaden skulde verta forma som ein konvensjon på liknande måte som Nordsjøkonvensjonen og skulde gjeva høvelege forskriftar for oppmerkjing og upplysing for fisket. For det andre skulde det bli drege linor som skifte ut umråde som skulde vera for trålarar og for linofiskarar serskilt, men ikkje for fiskarar av serskilde nasjonalitetar. For det tridja skulde desse linone i sume tilfelle femna um bankar mange mil utanfor noko tenkjeleg sjøgrenseumråde, og for det fjorde kunde linone på andre stader gå inn mot stranda, soleis at umrådet for tråling kom til å bli sett av nokonlunde nær inn til stranda».

Det var det forhandlingsgrunnlaget som den britiske regjering kom med, og den britiske sendemann la i samtalens fyrst med statsministeren, som då styrde

utanriksdepartementet, og sidan med meg, då eg hadde kome tilbake frå Genève, sterke vekt på, at det for den engelske regjeringa vilde vera sers ynskjeleg å få denne dryftinga i stand under slike vilkår at fyrebils den kongelege norske resolusjonen frå 12. juli ikkje vart sett i verk, ikkje vart gjenomført. Og både den britiske sendemannen og sidan ein annan representant for det britiske fiske- og jordbruksdepartementet, som har kome hit til Oslo, har gjeve rett drastiske skildringar av kor harmfyldte dei britiske trålarane var for den norske resolusjonen. Regjeringa og regjeringsdepartementene har halde møte med desse trålarinteresserte, og dei segjer at desse trålarinteresserte var so uppeggja no av det som var hendt, no vilde dei i det heile ikkje vita av noko slag fredleg skipnad med Noreg, dei kravde no berre at den engelske regjeringa skulde verja dei mot desse overgrepa, og no vilde dei m.a. ikkje godkjenna, som dei hadde gjort fyrr - ikkje i sin praksis heller - 4-milsgrensa, dei vilde berre ha 3-milsgrensa, og dei ropa berre på dette at dei vilde ha vern, når den engelske regjeringa, som det står beint fram i den engelske nota, prøvde få dei til fornuft og til å tenkja på at dei burde få ein fredeleg skipnad med Noreg. Til det framleggget som kom frå engelsk side um forhandling, gav eg den 1. oktober eit svar, som eg dessutan gav skriftleg frå meg til den engelske minister so eg skulde vera trygg på at det ikkje kunna bli noko slag mistyding, og eg vil då lesa det som han fekk skriftleg frå meg um det:

«Den norske regjeringa vil gjerne dryfta med den britiske regjeringa spørsmål om trålfiske og linefiske i havet utanfor det norske fiskeområdet, både om avgrensing på fiskebankane og om merkning m.m. i likskap med reglane i Nordsjøavtala. Den norske regjeringa vil gjerne høyra på alle framlegg som i dryftinga måtte koma fram på britisk side; men ho kann ikkje på fyrehand binda seg til serskilde fyresetningar for den semja som vonleg kan kome i stand».

Etter alt det eg kann skyna, so var den britiske sendemannen personleg heilt nøgd med dette svaret um slik ei forhandling. Han skyna at vi kunde ikkje binda oss til å gå med på noko serskild av dei ting som den britiske regjeringa hadde nemnt. Samstundes er det heilt klårt, at for oss vilde det vera ein stor fyremun, ein stor vinning um vi kunde no få forhandling med den britiske regjeringa um fiske på bankane utanfor sjøgrensone. Det vilde vera ein vinning for fiskarane våre der nord, det vilde vera ein vinning for landet vårt, i det heile for alt næringslivet og for det fredelige samarbeidet med England, um vi kunde koma til noko slag semje um alt fisket ute i havet. So vi har all grunn for so vidt til å vera med på det engelske tilbodet um forhandling um desse spørsmåla. Men det synest vera so at den britiske regjeringa reknar det for ein naudsynt fyresetning for desse forhandlingane, at det so lenge desse

Møte lørdag den 5. oktober 1935 - 1

forhandlingane står på - og den britiske regjeringa tenkjer seg der ei svært stutt tid; dei tok til å nemna ein eller two månader, dei nemnde tilslutt nokre vikor, i alle tilfelle tenkte dei seg svært stutt tid - at det i denne tida ikkje skulde bli gjort noko serleg for å setja ut i livet resolusjonen frå 12. juli. No har regjeringa som De har høyrte, straks frå fyrsten sagt, at vi er viljuge til i den fyrste tida å gjennomføra denne resolusjonen lempelag. Det kann vera rimeleg det kann vera ei overgangstid der, og det som vi har meint med «lempelag», det har fått form i eit skriv frå Utanriksdepartementet til Forsvarsdepartementet, som eg likeeins skal få lov til å lesa upp:

«Uppsynet» - det uppsynet som skulde bli sett i gong frå umkring 1. oktober. «Uppsynet bør få instruks um å gjennomføra vakthaldet på lempelag vis i den fyrste tida, heilt til det kjem motsett order. Med lempelag gjennomføring meiner departementet den framgangsmåten at når uppsynet møter utanlands trålarar innanfor den grensa som no er fastsett, men utanfor den som skulde bli halden uppe etter reglane frå 1933, bør det åtvvara trålarane om at no er dei på norsk område, og påleggja dem å kome seg utanfor; vil dei då ikkje lyda, må dei få varsku om at dei i så fall blir innklaga for retten og kan få dom på seg».

Dette var i eit skriv frå 4. september, straks fyre eg for min part reiste herifrå til Genève. Etterpå telefonerte Forsvarsdepartementet til Utanriksdepartementet og vilde ha nærmare greie på kva som var meint med dette, og i eit skriv frå Forsvarsdepartementet til kommanderende Admiral heiter det då:

«På nærmere forespørsel pr. telefon om siste ledd i skrivelsen opplyses fra Utanriksdepartementet, at det er meningen at opbringelser på nevnte område foreløbig ikke skal finne sted».

Det var den 12. september at dette vart sagt. Vi har soleis frå norsk side, frå regjeringa, meint at vi skulde by so gode vilkår som råd var, til at det ikkje skulde bli noko slag samanstøytar der nord no i denne fyrste tida. Vi har heile tida sagt at den kgl. resolusjonen fra 12. juli er gjeven, og den står ved lag, men vi skal ikkje vera so altfor hardhendt straks frå fyrsten. No er uppsynet i gang der nord, uppsynsskip er sendt, fisket er igang, trålarane tek til å koma i større og større mengder, og det er greitt at det kann alltid da verta fåre for samanstøytar der.

Spursmålet blir då um det skulde vera rådeleg for oss å lempa oss enno nokre vikor so vi fekk sjå kva slag framlegg som kjem frå engelsk side. Eg har spurt den britiske sendemannen her kva som er meint med det å få dryft framlegg på det grunnlaget som den britiske regjeringa har sett upp, og han har sagt at meininga var at det skulde kome fullt utforma framlegg til oss frå regjeringa i London.

Det som då er - um De vil - det aktuelle spursmål, det er dette: Skal vi kunna lova den engelske regjeringa, at vi

ventar med å trumfa igjenom resolusjonen vår mot dei engelske trålarane der nord, når ikkje vi har sett desse engelske framlegga? Det kann vera umsyn å ta til two sidor, umsyn til linefiskarane våre som driv der nord, og umsyn til å få ein skipnad for dei store bankane ute i havet. Etter mi personlege meining trur eg at vi har tøygt oss so vidt langt i dette ynskje um lempeleg gjenomføring, so det burde vera nok til å hindre at serskild strid kom upp på fiskeumrådet der nord. Skulde vi kunna der tøygja oss so vidt langt at vi segjer: Vi ventar i det heile - det er eit lite steg meir - det vilde for meg personleg, det vil eg segja, ikkje gjera nokon stor skilnad. Eg reknar då med at kann vi verkeleg få frå britisk eit framlegg som gjev verdfulle fyremuner for dei norske fiskarane våre, vern for dei på bankane ute på havet, dei bankane som ligg utanfor det umrådet som vi har meint vi kunde verja med den kongelege resolusjonen, so er det ein stor vinning for oss. Det som det gjeld um for oss, det er greit og klårt - og det er for så vidt sagt ifrå gong etter gong frå britisk side òg at dei vil godkjenna - det er dette, at vår resolusjon den står der, den er i vår hand, det er vi som råder for gjenomføringa av den.

**Formannen:** Jeg takker utenriksministeren for hans redegjørelse. Jeg går ut fra alle komiteens medlemmer har fått omdelt disse papirer, og jeg går ut fra at de også gjerne vil lese dem igjennem. Får jeg lov til med det samme å spørre landbruksministeren om der er et tilstrekkelig stort antall eksemplarer av disse fortrolige meddelelser som landets korn- og melforsyning og brendsforsyning etc. For jeg tror at det vil også i høi grad interessere komiteens medlemmer å lese dem, før vi eventuelt kommer inn på en drøftelse her av hvilke sanksjoner Norge eventuelt vil bli opfordret til å være med på eller kan være med på.

**Statsråd Ystgaard:** Disse uttalelser blir mangfoldiggjort i departementet i formiddag så det vil foreligge et tilstrekkelig stort antall eksemplarer til fordeling i ettermiddag. De skal bli omdelt de eksemplarer vi har her nu.

**Formannen:** Det som fremgår av utenriksministerens foredrag som det aktuelle, er de to spørsmål: først om opsynet og hvilken effektivitet opsynet skal ha i den første tid, og dernæst om Norges villighet til å gå med på forhandlinger eller drøftelser på det grunnlag som er trykket op i noten fra den britiske legasjon av 25. september 1935, som er omdelt til komiteens medlemmer. ---

**Utenriksminister Koht:** --- og på grunnlag av det svaret som er gjeve frå det norske utanriksdepartement.

**Formannen:** Ja, selvsagt. Man vil legge merke til at i det svar som er gitt av det norske utenriksdepartement, er det gjort forsåvidt en reservasjon, som det heter i punkt 4 at den norske regjering er villig til å «høre» alt hva der kan fremlegges fra engelsk side.

Jeg tør da spørre om det er nogen av komiteens medlemmer som ønsker å uttale sig på dette tidspunkt, eller om de foretrekker å lese gjennem disse dokumenter og komme tilbake til spørsmålet da. Jeg vil også be om vi kan få lov å la referentene få det som utenriksministeren hadde skrevet her, fordi jeg er sikker på at hr. Andrå, når han kommer, uhyre gjerne vil få anledning til å lese det hele, likesom det vil bidra til å gjøre referatet utførligere - altså det som ikke er delt om.

Jeg vil bare nevne til nogen suppling av det som står her i dokumentene, at man fra engelsk side jo også har søkt såvidt man kan dømme, å få tyskerne med på dette. Der er fra tysk side, såvidt jeg vet, overhodet intet officielt skritt foretatt likeoverfor Norge i nogen som helst form. Men da trålerorganene i trålerbyene i England i september måned begyndte å fortelle om at de britiske interesser var truet, så meddelte de også at der fra tysk side vilde skje henvendelser. Det blev meddelt i engelske aviser 3 dager før det overhodet kom den første notis i tyske blader, at trålerorganisasjonene i Hamburg og kystbyene der hadde holdt et møte, vistnok foranlediget fra engelsk side, og de vedtok å sende en forestilling til den tyske regjering om å gjøre henvendelse i Norge. Der stod meget lite nevnt om grunnlinjene, men der stod nevnt om 4-milsgrensen. Tyskland har jo tidligere et par ganger forsåvidt tatt de samme reservasjoner som England. Det lille jeg har sett i tyske aviser, var holdt i en ganske annen tone enn det som stod i de engelske, og det var til en viss grad gjort rede for det norske standpunkt. Det stod bare at de tyske trålerinteresser hadde gjort en henstilling til regjeringen for å bli beskyttet. Om det ikke er kommet noget enda, så kan det naturligvis komme.

Angående selve tidspunktet og de forskjellige engelske trussler som er fremkommet, vil jeg bare ha sagt, at jeg for min del ikke tar dem så uhyre alvorlig. At man vilde forsøke - jeg hadde nær sagt å bluffe så langt som mulig likeoverfor Norge, var helt givet. At den engelske regjering på et tidspunkt hvor den officielt proklamerer sig som de små nasjoners og de undertryktes og truedes beskytter overhodet for alvor skulle tenke på å føre ut i livet det som de har truet med underhånden, å sende patruljeskip op til Norge etc. etc., ligger i virkeligheten utenfor de aktuelle grenser. En norsk protest overfor allverden om et engelsk forsøk på å true sig frem og krenke vår suverenitet vilde på det givne tidspunkt få en almenpolitisk betydning som man i England sikkert er fullt klar over. Forsåvidt er tidspunktet overordentlig gunstig for Norge. Det kunde neppe tenkes noe gunstigere tidspunkt. Det er man helt klar over fra

engelsk side. At man muligens ikke minst av den grunn ønsker å forhale det lengst mulig synes jeg også vi skal være på det rene med. Men selvsagt er jeg helt enig i den realitet at det vilde være av viktighet for oss snarest mulig å få det forslag som man fra engelsk side har sagt at man skulde fremkomme med, for å se hvad det måtte inneholde av realiteter. Man har jo bebudet det nu i lengere tid uten at det er fremkommet, og alt hvad der tidligere har vært sagt av England i den henseende, har jo, når man skulde se på det nærmere, ikke inneholdt nogen realitet. Om der denne gang ligger nogen realitet i det, får vi da se. Jeg synes det må være om å gjøre å få det snarest mulig.

Når det har stått antydet i de dokumenter vi har fått - jeg bare nevner det som en opsummering av de ting vi her kommer til å drøfte - at man tenkte sig at en sådan forhandling skulde finne sted mellom eksperter, så må jeg bekjenne at jeg setter et stort spørsmålstege ved det. Jeg mener personlig uten å ville binde mig absolutt fast til det, at sådan som denne sak ligger an, og etter de drøftelser som hittil har vært ført på forskjellig måte mellom såkaldte eksperter, må det fra norsk side være en absolutt forutsetning at der sammen med ekspertene fra begge sider er politisk ansvarlige menn med, og at man ikke slipper de såkaldte eksperter løs. Vi vet jo at fra engelsk side vises der ingen art av almindelig hensynsfullhet. Ethvert flyktig og halvt forbindende ord som er sagt, blir tatt og «used as an evidence against us», for å bruke det vanlige engelske uttrykk. Hvad enten det er kaptein Iversen eller fiskeridirektøren eller hvilkensomhelst annen mann som sier disse ord, så blir de tatt og utnyttet, og derfor synes jeg man skal vise den allerstørste varsomhet. Det rimelige vil vel være, når der fra England så å si er kommet tilbud om å forelegge oss et helt utformet forslag, at man ser på det forslag forinnen man innlater sig på nogen drøftelse om i hvilke former og gjennem hvilke organer en nærmere forhandling skal finne sted. Det har ihvertfall vært mitt første og umiddelbare inntrykk ved å se det på bakgrunn av alle de forhandlinger og drøftelser som har vært ført tidligere. Mr. Maurice er jo her nu, og han er også den som har fremholdt overfor utenriksministeren hvor sterk ophisselsen har vært i trålerkretser. Mr. Maurice er en overordentlig dreven herre, og det er formodentlig etter all menneskelig sannsynlighet Mr. Maurice som også har vært denmann som skulde prøve å få tyskerne med. Han har jo utmerkede venner i Tyskland, særlig i Hamburg, og ved de forskjellige institutter for havforskningen i Hamburg fra sitt tidligere arbeide, og formodentlig vil man ihvertfall benytte ham fra engelsk side. Det er et ytterligere varsko til oss om at vi må være overordentlig forsiktige. Jeg tror det er helt nødvendig å fremholde det, for den trang man der fra engelsk side har hatt til å si: bordet fanger - den har vi lært nokså meget av.

Jeg tror det vilde ha sin interesse for komiteens medlemmer å høre om der foreligger nogen for regjeringen i retning av klager eller henstillinger fra fiskere langs kysten og særlig nordfra. Det har jo tidligere kommet stadige klager, det kom jo ikke minst den siste del av våren i år, mens fisket pågikk, til Stortinget og til utenrikskomiteen stadige klager over at opsynet ikke var effektivt nok, og over at utenlandske trålere gjorde så og så stor skade på redskapene. Nu har der i mange måneder vært drevet meget lite tråling, den begynner jo først nu med mørketiden. Det stod i de engelske avisutklipp, hvorav jeg har sett nogen, at de små områder som Norge ved denne rektifikasjon av grunnlinjene vilde legge inn under norsk sjøterritorium, omfatter nogen av de bedste trålerfeltene, hvor der år for år er blitt gjort større og større fangst. Det er oss ganske ukjendt, og jeg tror det vil være meget vanskelig å dokumentere det. Men hvis det der foreligger nogen henstillinger nordfra etter kunngjørelsen, tror jeg at vi alle vilde sette pris på å høre det.

**Statsminister Nygaardsvold:** Nogen klager i likhet med dem som vi er kjendt med, for eksempel fra ifjor, mens trålerne var deroppe, har det, etter hvad jeg kjenner til, ikke kommet inn hverken til regjeringen eller til Handelsdepartementet etterat kunngjørelsen er bekjendtgjort. Derimot er det vedtatt forskjellige resolusjoner på enkelte fiskermøter og det er også vedtatt en resolusjon på landsmøtet til fiskerorganisasjonen. Det er også vedtatt lignende resolusjoner på enkelte fylkesmøter, tror jeg det er, som delvis har stått i avisene. For det store møtes vedkommende er det sendt inn til regjeringen en avskrift av den resolusjon som blev vedtatt, og som egentlig går ut på to ting: Den ene er at linjer som den der er fastsatt fra Vestfjorden til Varangerfjorden, må drages rundt hele Norge, og det annet er at Norge ikke må nøie sig med 4-milsgrense, men må kreve 12-milsgrense ut til havet. Jeg har fått det bestemte inntrykk at fiskerne og ansvarlige menn, ikke bare ansvarlige fiskere, men også folk som skulde kjenne hvordan stillingen lå an, ansvarlige politikere mener visst at hvis vi bare setter 12 mil istedetfor 4 i våre betrakninger, er den sak iorden, bare vi vil. Jeg kan ikke si jeg har gått nærmere inn på den betraktningsmåte på spørsmålet om en hevdelse av 12-milsgrensen. Vi har latt resolusjonen ligge.

**Formannen:** Hvis det er nogen av disse resolusjoner eller henvendelser som er av nogen som helst betydning, tror jeg komiteen vilde være takknemmelig for å få sendt fra Handelsdepartementet gjenparter av dem. Vi har jo hatt slike henvendelser før, og ikke minst i - jeg hadde nær sagt i den private drøftelse mann og mann imellem tror jeg det kunde være meget nyttig at komiteens medlemmer kjenner dem, for eventuelt også å kunne forklare disse forskjellige fiskere underhånden at det er ikke så liketil å gå frem slik som de

synes å mene. Når vi intet vet om det her, kunde jeg tenke mig at enkelte av komiteens medlemmer som ferdes meget på kysten, kunde føle sig litt vanskelig stillet når de blev spurt av styrene rundt om hvorledes det ligger an, så - jeg formoder at disse henvendelser ligger i Handelsdepartementet - om handelsministeren vilde være ...

**Statsråd Madsen:** Det eneste som er kommet inn, er nogen resolusjoner vedtatt på Fylkesfiskerlagenes årsmøter, hvor de krever grensen trukket om bankene som ligger langt ute i havet, og såvidt jeg skjønner av diskusjonen på fiskerlandsmøtet i Stavanger, vil der, særlig i Nord-Norge, ikke bli ro om det spørsmål, før der blir arbeidet for å treffe en ordning med bankene som ligger langt ute - 12, 14 op til 20 mil ute. Det er Svensgrunnen og Malangsgrunnen - vi kjenner dem alle sammen, de står avmerket i de karter som sjøgrensekommisjonen har satt opp. Det er der vi har den store fiskeririkdom - ikke så meget, såvidt jeg skjønner, innen 3- og 4-milsområdet. Det spiller i realiteten ikke så stor rolle. Og fiskerne gjør opmerksom på at det er på bankene, f.eks. utenfor Lofoten og Vesterålen, som ligger 12-14-16 mil ute, at trålerne ødelegger for fiskerne, og det er det som er aktuelt. Jeg forstår nu den henvendelse som er kommet fra den britiske regjering eller den britiske minister, så, at de tilbyr her et forslag som bl.a. innbefatter at der skal trekkes linjer som skiller mellom områder som er beholdt henholdsvis trålerfiskere og linjefiskere eller andre fiskere. Altså, hvis det er korrekt, må det bety et forslag om en havdeling, slik at iallfall visse områder av bankene kunde bli fredet for trålere; der kunde bli avmerket en havdeling. Og det vil jeg si med engang at alle fiskere vil være overordentlig interessert i om der kunde komme et sådant forslag, om man her begyndte å diskutere den realitet, fordi det vil bety overordentlig meget for den norske fiskerbefolknings. De fordeler som vil vinnes derved, må ikke undervurderes, det vilde være realiteter for fiskerne, og man bør etter min opfatning gjøre det som er mulig for å få et slikt forslag fra engelsk side, som vi da kunde få nærmere anledning til å diskutere og overveie. Som sagt, tror jeg nemlig ikke at fiskerne i Nord-Norge vil slå sig til ro med den kongelige resolusjon om 4-milsgrensen alene, men at de vil at der skal arbeides med bankene, for det er der trålerfisket gjør skade for alle andre fiskeredskaper som de norske fiskere bruker.

Men jeg vil jo nevne at i det britiske forslag sier de: «in principle, to consider proposals which would incorporate four main points in first, the settlement would take the form of a convention on the lines of the North Sea Fisheries Convention ...»  
og oversatt altså at

«ordningen skulde inntas i en overenskomst etter prinsippene i Nordsjøkonvensjonen».

Men hovedprinsippet i Nordsjøkonvensjonen - såvidt jeg vet - det er nettopp 3-milsgrensen, så der er det riktig, som også gjort av utenriksministeren, å ta ethvert forbehold mot de særskilte forutsetninger på forhånd, så at man, selv om man får forslag og overveier disse, forhandler om disse, ikke binder sig til prinsippene i Nordsjøkonvensjonen. Jeg finner det nødvendig å nevne dette i denne forbindelse.

Nu, vi skal se etter om der er nogen resolusjoner som kan være av interesse i disse spørsmål. Hvis de finnes i Handelsdepartementet, jeg tror forresten de fleste er sendt direkte til regjeringen - skal De få et avtrykk av dem.

**Formannen:** Til det siste som blev nevnt av handelsministeren, om prinsippene i Nordsjøkonvensjonen, vil jeg gjerne få gjort opmerksom på at det opfattes gjerne i Norge som om 3-milsgrensen er et hovedprinsipp i Nordsjøkonvensjonen. Men det er en rent formell juridisk misforståelse. I Nordsjøkonvensjonens overskrift såvel som i innkallelsen til Nordsjøkonferansen er 3- og 4-milsgrensen overhodet ikke nevnt. Det heter: «En konvensjon til vedtagelse av politivedtekter, merke- og opsynstjeneste i Nordsjøen», og som en praktisk foranstaltning kommer inn denne grense som blev fastsatt. Men man behøver ikke i og for sig gå ut fra at det skal betraktes som et hovedprinsipp. Alle som deltok i drøftelsene av konvensjonen, var klar over det, og ingen av dem som møtte, hadde fullmakt til overhodet å gå med på eller drøfte sjøgrensen, så da det av praktiske grunne kom med, måtte under forhandlingene derved både de engelske og franske innhente nye instrukser før de kunde være med på å nevne noget om det. Men for den norske opfatning står det utvilsomt i sin almindelighet som selve hovedprinsippet. Derfor er det omtvistelig hvad der skal forståes med «prinsippene». Jeg går ut fra at utenriksministeren ikke har oppfattet det om 3-milsgrensen som et hovedprinsipp man skulle binde sig til, så meget mere som fra engelsk side er nevnt uttrykkelig konvensjonens regler om opmerkning og belysning, så jeg tror det skulle være klart.

**Utenriksminister Koht:** Ordet «prinsipp» er ikke nytta i den engelske teksten.

**Braadland:** Er det ikke så at Sverige ikke har undertegnet Nordsjøkonvensjonen, nettopp av hensyn til 3-milsgrensen? Såvidt jeg vet, har Sverige ikke undertegnet.

**Formannen:** Når Sverige ikke undertegnet Nordsjøkonvensjonen, var det utelukkende av hensyn til Norge. Det var dengang de forente riker. I Sverige erklærte alle at da Sverige ikke hadde nogen Nordsjøkyst, hvor spørsmålet kunde bli aktuelt - for i Nordsjøkonvensjonen var Kattegat uttrykkelig undtatt - så hadde det ingen interesse for Sverige; men av hensyn til Norge nektet de å undertegne.

Jeg vil bare minne om at Skottland har en 11 milsgrense med forbud mot enhver bruk av tråling, som er anerkjent av England, og ethvert fartøy som tråler innenfor 11-milsgrensen, blir opbragt. Det har ikke vært aktuelt for utlendinger, fordi ingen utlendinger har forsøkt å fiske der. Men selv 11-milsgrensen opfattes av de skotske fiskere som for lite. I sommer var fiskerisekretären på Hebriderne i Norge for å undersøke og studere forholdene på vår kyst, og han uttalte blandt annet:

«Hos oss har trålerne ødelagt så altfor meget for de jevne fiskere, som ikke har annet å leve av enn fisket, og vi må gjøre alt som står i vår makt for å hindre trålerne i ulovligheter. Vi har gjentagne ganger forsøkt å få større grense, men det er blitt avslått av England. I de siste år har imidlertid også Nederland sluttet sig til våre krav, og det ser nu ut som om vi skal få gjennemført en bedre ordning. Når jeg kommer hjem skal jeg skrive en rekke artikler i ledende tidsskrifter og i pressen i Skottland og England, og vi gir oss ikke før vi har fått betryggende livsbetingelser for våre fiskere.»

Jeg har skrevet til vår legasjon i London og bedt om å få de ting som Campbell, - som er en kjent fiskeriforfatter - måtte skrive om dette, men jeg har ennå ikke fått det. Men jeg mener det er helt riktig og nyttig for oss å holde oss det klart for øie når vi drøfter disse ting med representanter for England, at United Kingdom omfatter ikke bare England, men også Skottland. Og to parlamentskommisjoner har uttalt, at hovedårsaken til nedgangen i befolkningen i Skottland og på Hebriderne er trålefisket, og de har krevet så uhyre meget, at vi der har temmelig langtrekkende argumenter. Forøvrig går jeg ut fra at alle vil være enig i at det har den største aktuelle og reelle betydning for oss å se hva England måtte by med hensyn til beskyttelse av bankfisket, og enhver innrømmelse som til gjengjeld - hvis de byr noget reelt - måtte bli forlangt av oss, må selvsagt prøves ut fra reelle hensyn på hvilkensomhelst måte.

**Anderssen-Rysst:** Det var med hensyn til behandlingsmåten jeg vilde si nogen ord. Vi har fått utlevert endel dokumenter som regjeringens medlemmer og formodentlig formannen kjenner, men som ingen av oss andre har fått anledning til å gjennemlese. Hvis det skal føres en drøftelse om disse ting, måtte vel forutsetningen være at vi fikk anledning til å lese gjennem dette. Jeg vil henstille til formannen å overveie om man ikke - hvis det skal fortsettes med dette kapitel idag - burde avbryte møtet for at vi kunde gå igjennem det. Det kan ikke bli noget fruktbart resultat av disse drøftelser for oss som ikke har sett disse ting nærmere, hvis man fortsetter med det nu. Det

kunde tenkes at man kunde fortsette med andre saker inntil det blev passende å slutte for idag.

Jeg sa at jeg ikke vil gå inn på nogen diskusjon her, men jeg vil allikevel spørre formannen om han mener at han har rett i det han uttalte om Nordsjøkonvensjonen: Når Norge ikke gikk med på Nordsjøkonvensjonen, var det virkelig fordi det ikke vilde oppgi firemilsgrensen. Det var det springende punkt. Og det som skjedde med islendingene, og som de har angret på hele tiden, det var jo, at i og med at de gikk med på Nordsjøkonvensjonen, så gikk de også over fra en firemilstil en tremilsgrense. Det var således et nokså viktig punkt det med tre- eller firemilsgrensen den gang.

**Utenriksminister Koht:** Det er sant at Noreg ikkje gjekk med på Nordsjøkonvensjonen for di dette med trimilsgrensa kom inn; men likevel kan ein ikkje segja at det er hovudsaka med Nordsjøkonvensjonen, so når England har bode oss forhandlingar um avtale der nordpå etter dei linone - det står ikkje «prinsipp», det er umsetningsmistak - som er fylgte i Nordsjøkonvensjonen, er det dermed serleg peika på alt det som er til vern for sjølve fisket, politiuppsyn med merking og slikt. Det er det som er hovudsaka. Men om England skulde koma med noko framlegg um at vi skulde gå med på ei trimilsgrense, so veit engelskmennene svert godt på fyrehånd at Noreg ikkje går med på det. Det har dei gong på gong fått greie på, so den ting ligg beint fram utanfor ordskiftet. Eg veit at den engelske regjeringa ventar seg, at um det skulde koma til internasjonal rettargang um dette spørsmålet, so vilde Noreg vinna fram med si firemilsgrense. Dei veit at vi har so sterke historiske grunnar for det at - vel, dei vil føra sin strid um det; men på det punkt ventar dei å lida nederlag. Det som dei vender seg mot i den kongelege resolusjonen, er grunnlinone; det er dei dei er misnøgde med. Det som dei byr oss, er soleis ei forhandling um bankane i det heile. Eg trur at England tenkjer seg at vi kanskje skal flytta inn grunnlinone her eller der, soleis at trålergrensa ikkje treng å gå ihop med grensa for fiskeumrådet. Det er truleg det dei tenkjer seg. Men eg synest, som handelsministeren og har sagt, at det vil vera svert verdefullt for oss å sjå kva engelskmennene kann by; for kann dei by oss noko reelt for fisket vårt, er det all grunn for oss til å dryfta det spørsmålet med England.

**Formannen:** I anledning av det av hr. Anderssen-Rysst nevnte, vil jeg bare henvise til side 11 og følgende i innstillingen. Nordsjøkonferansen var innkalt for å drøfte felles opsyns- og ordensforskrifter.

«Det utkast til internasjonal konvensjon som fra britisk side blev overlevert, forutsatte ingen definisjon av sjøterritoriet eller angivelse av grenser for enerett til fiske.»

Og det var fra fransk side man hevdet under forhandlingene, at skulde politiopsynet bli effektivt, måtte

konvensjonen også inneholde grenselinjer, og derved kom det under tvil inn, og det var grunnen til at Norge ikke vilde være med, ganske riktig. Men i de almindelige definisjoner av hvad Nordsjøkonvensjonen inneholdt, og prinsipperne for den kom det i annen rekke.

**Lykke:** Vilde det ikke være mest formålstjenlig å utsette diskusjonen om denne sak til vi ser hva der foreligger fra engelsk side. Å ta den op på møtet denne gang i den utvidede utenrikskomite, synes jeg gavner oss svært lite. Vi er jo alle enig med handelsministeren i at det ligger en veldig realitet i spørsmålet om bankene. Og når den ærede formann tilslutt, etter en nokså lang prosedyre på forhånd, kom inn på det skotske spørsmål, må man være opmerksom på at den engelske regjering står idag overfor et akkurat like vanskelig spørsmål i United Kingdom som dette med Norge. Der er reist et ramaskrik i England mot trålernes ødeleggelse av fiskebankene, og de regner også fiskebankene i Nordhavet med til dem som hører til den skotske kyst. Dette veier like tungt i den engelske diskusjon som forholdet til Norge, så jeg er enig med formannen i at tidspunktet er meget beleilige for Norge for å reise dette spørsmål. Vi kan ikke med noget som helst utbytte diskutere dette før vi ser hva England byr oss. Jeg vil tillate mig å henstille at vi går over til en annen sak og at den utvidede utenrikskomite innkalles når forslaget fra England foreligger.

**Formannen:** Som det fremgikk av utenriksministerens redegjørelse er der jo visse ting som man her må uttale sig om og ta en slags standpunkt til, både spørsmålet om forhandlinger og eventuelt på hvilken måte de forhandlinger skal føres, og spørsmålet om hvorledes opsynet skal iverksettes og hvilke instrukser det skal ha. Der er intet definitivt svar gitt fra regjeringen, der er intet definitivt blitt sagt om det. Jeg tror at det i og for sig kan være riktig, det hr. Anderssen-Rysst sa, at komiteens medlemmer bør få lese de dokumenter de har, før de fortsetter denne diskusjon. Jeg vil også svært gjerne at hr. Andrå, som er kommet reisende den lange vei fordi dette spørsmål i serlig grad er brennende i Finnmark, skulde kunne være med, og jeg vil da foreslå at vi fortsetter med de andre spørsmål som vi skal drøfte, og at vi eventuelt tar møte imorgen formiddag kl. 1/2 11 for å fortsette og tilendebringe behandlingen av denne sak. Der er adskillige av komiteens medlemmer som er helt optatt mandag; men alle vil, såvidt jeg kan skjonne, kunne møte imorgen, så jeg tror det vilde være å foretrekke. Hr. Andrå vil da få alle dokumenter når han kommer i ettermiddag.

Kanskje utenriksministeren vil nevne noget om klippfisksituasjonen og de strandede forsøk på å få en fellesoptreden sammen med Island.

*Klippfisk-situasjonen.*

**Utenriksminister Koht:** Dette punkt på dagsordenen er satt upp i svært vid form: «Klippfisksituasjonen», og kleppfisksituasjoner har vi på mange kantar i verda; men eg har gått ut frå at det ikkje skulde vera naudsynt her å gjeva greie for korleis det står med kleppfiskspursmålet på alle kantar i Europa, Afrika og Amerika, men at eg skulde gjeva greie for dei spursmål som no er brennande i kleppfisksituasjonen.

Då får eg taka utgangspunkt i den utgreiing, som eg gav Stortinget den 24. juni, der eg serskilt og aller først tok fram spursmålet um handelstilhøvet vårt til Portugal; for det er i Portugal at det nettupp no er vandast for oss med kleppfisktilførsla. Eg sa i Stortinget den 24 juni at vi hadde fått ein avtale med Portugal som lova oss minst 40 pct. av den portugisiske kleppfiskinnførsla, og eg sa, at etter det som vi kunde sjå på den tid, vilde vi ikkje kunna rekna med i røynda å få innført meir enn det som vilde svara til 25 pct. Etter det som har hendt sidan, ser det ut til at det blir endå mykje mindre enn 25 pct., og det ligg i dette at dei i Portugal ikkje vil betala den prisen for kleppfisken som dei norske kleppfiskeksportørane meiner at dei må ha, um dei i det heile skal greia seg. So vidt eg veit, har dei norske kleppfiskeksportørane gått rett langt ned med prisen, gått ned endå under det som dei tenkte seg skulde gjeva forteneste, og likevel driv Portugal på med å persa ned prisen, og det har då samanheng med at Island sel sin kleppfisk billegare. No er det greitt at våre eksportørar argumenterar - og med full rett - med at den norske kleppfisken er betre enn den islandske; men det hjelper ikkje alltid so mykje, det, når ein skal selja fisken. Dei som skal kjøpa vil gjerne kjøpa so billeg som dei kann, og no ligg denne kleppfiskimporten faktisk i hendene på eit regjeringsmonopol, og det er dette regjeringsmonopolet som fastsett kva dei vil betala, og det driv og persar ned dei norske prisane, sidan det kan visa til dei islandske. Tidleg i sumar freista eg få istand ei forhandling millom dei norske og dei islandske kleppfiskeksportørane, soleis at dei ikkje skulde liggja i denne strid med einannan, men koma til ei semje, so dei på den måten kunde skifta marknaden millom seg, få kvar sin part i avsetninga. Tanken kom i grunnen frå først upp frå islandsk side, so vidt eg veit, og eg var straks av fullt hjarta med på dette. Eg sa at dette var ikkje ei forhandling som kunde bli ført millom dei two regjeringane, det måtte kleppfiskeksportørane seg imillom freista um dei kunde få greit upp. Men gjennom midling av det norske handelsdepartementet og det norske utanriksdepartementet fekk vi i stand eit møte millom representantar for norske og islandske kleppfiskeksportørar, eit møte som vart halde i Newcastle midt i juli månad. Det vart forhandla i fleire dagar, og i røynda førde dei

forhandlingane til ingenting. Islendingane vilde ikkje gå med på noko slag avtale med Noreg, og dette fekk vi so straks etterpå skriftleg frå Island. Islendingane meiner at dei må føra denne harde striden for si utførsel, og vil ikkje i denne striden taka noko umsyn til Noreg. Dei reknar ikkje med at det i lengda likevel kann koma til å bli til skade for Island at det blir ført denne tevlinga på marknadene utanlands. Dei ser på den vindingen dei kann ha i denne stunda, og trur at dei dermed kann vinna fram for sin part.

Denne tevlinga millom norske og islandske kleppfiskeksportørar står serleg på two marknader, i Spania og Portugal. I Spania hadde islendingane alt trengt den norske innførsla sterkt til side; men der har Noreg vunne tilbake ikkje so lite, just i det siste. Det er i Portugal at striden står hardast, og striden der, tevlinga der, er komen i ei ny stilling just for di det der er eit regjeringsmonopol som kjøper fisken.

For kleppfiskutførsla vår til Portugal er soleis vonene i denne stunda ikkje so lyse, og vi har dessutan det vedtaket frå Stortinget um at ein skal freista få i stand ein ny handelsavtale med Portugal, ein avtale um heile samhandelen millom dei two landa. Vi har no endeleg kome so langt at den avtalen som vart gjort den 4 september ifjor, er ratifisert, soleis at vi no kann taka upp forhandlingar med Portugal um ein ny avtale. Det har kosta mykje strev; men no står vi endeleg der at vi har avtalen ratifisert. Det melder seg då spursmålet um kva vi kann nå med nye forhandlingar, og der er det ikkje berre kleppfiskspursmålet som melder seg; kleppfiskspursmålet flökjer seg saman med spursmålet um vinkjøp og med spursmålet um vinavgiftene. Når Portugal kjenner seg so sterkt som det gjer i kleppfiskspursmålet, og meiner at det kann greia seg utan norsk kleppfisk, må vi på norsk side taka med i rekninga at vi beint fram kann koma til å måtte gjeva upp - at det kann koma til å bli slutt på kleppfiskutførsla vår til Portugal. Ho har gått so langt ned i dei siste par åra, ho har minka meir og meir, so det er diverre ein tanke som no kann bli praktisk for oss, dette at vi slett ikkje får selt meir kleppfisk til Portugal. Handelsforhandlingane med Portugal kjem då til å gjelda skipsfarta vår på den eine sida og vinkjøp på den andre sida; det blir då dei reint praktiske spursmåla som det kjem til å stå um.

Men vi forhandlar samstundes med Spania, og, som eg sa i Stortinget den 24 juni, har Spania bygt på den portugisiske avtalen og krev at Spania, like so vel som Portugal, skal ha ein fast heitvinskontingent her i Noreg. Det melder seg då spursmålet um samanhengen millom kleppfisken og vinen og um samanhengen millom handelen med dei two landa, Spania og Portugal. Eg vil segja at i desse forhandlingane har Spania vist seg mykje meir reelt, greiare å ha med å gjera, enn Portugal har gjort. Portugal er i grunnen det vanskelegaste landet vi har å forhandla med. Det einaste landet å

samanlikna Portugal med i so måte er Brasil, der det og bur portugisiske folk. Eg veit ikkje um det hører til portugisane å vera vrangle; men det er i alle fall dei two landa vi har det vandast med når det gjeld forhandlingar. Spania har synt mykje meir forståing for reelle vilkår, og vi har då freista i Spania å få den kleppfiskkontingeneten vi kunde få der, so høgt upp som råd er; men vi har då jamt møtt dette kravet: Men so må Spania få sin heitvinskontingent. Når vi no skal freista å bli kvitt denne heitvinskontingeneten til Portugal, kann vi vel ha von um at Spania heller ikkje skal setja noko inn på det. Det blir heller andre spursmål som gjeld vininnförsla som dei kjem til å reisa frå spansk side, serleg spursmålet um tilhøvet til privatimportørane. Det er slike spursmål som kann koma upp; men vi forhandlar allikevel der på eit betre grunnlag. Der hadde vi no i det siste året fått ein kleppfiskkontingent på 13 000 tonn. Vi har arbeidt med å få dette talet upp; men for dette året, 1936, har i grunnen det kravet lite å segja reelt, for di produksjonen hjå oss beint fram ikkje har vore so stor, so vi kunde kanskje ikkje fylla det som vi frå fyrsten kravde, ein kontingent på 20 000 tonn.

Men det som er hovudsaka i dette, er at desse tilhøva til Spania og Portugal flökjer seg slik i hop at vi blir nøydde til å sjå det i samanheng. Og etter alt eg kann skyna, blir vi nøydde til å forhandla der på ein gong på two linor, forhandla på ein gong med Spania og Portugal, soleis at det er dei same mennene som fører dei forhandlingane, at vi ikkje sett til ein mann i Madrid og ein i Lisboa, men at vi førar ei samla forhandling, so vi på den måten kann ha von um å nå betre fram. Det som vi idag kann sjå at vi må tapa i Portugal, kann vi då leggja so mykje større vekt på å vinna i Spania. Og etter alt det som har hendt i det siste, blir likevel Spania no meir og meir den store hovudmarknaden for kleppfiskens vår i Europa.

Vi har spursmålet om kleppfiskens vår dessutan på Kuba; men der ser det ut til at det skal kunna greia seg rett bra, so eg skal ikkje taka det spursmålet upp noko større. Det ser ut til at det skal kunna gå etter dei gamle linone der.

Men det er kanskje ein ting umfram sjølve kleppfisksituasjonen som eg bør nemna i denne samanheng; det er desse andre spursmåla som gjeld Portugal. Det kann vera - og det er ein tanke som kanskje ikkje ligg so svert langt unda heller - at um vi tek upp nye forhandlingar med Portugal, so segjer Portugal upp den avtalen vi har, og so er spursmålet um vi skal kunna koma inn beint fram i ein handelskrig med Portugal. Det er mogleg at vi kann koma upp i det, um vi ikkje sjølve ynskjer det. Vi har då i utanriksdepartementet freista rekna ut korleis vi vilde stå i ein slik situasjon. På den eine sida er det der det som vi har til hjelp for oss: vinkjøpet frå Portugal. Der fekk vi etter den siste avtalen ein kontingent på 2 900 000 liter, og det har Vinmonopolet kjøpt. Det var eit spursmål, den tid vi såg at det gjekk so langt ned med kleppfiskutförsla vår til

